



Stord vidaregåande skule
Postboks 1243
5406 STORD

Dato: 13.05.2016
Vår ref.: 2016/1922-24
Saksbehandlar: marvirk
Dykkar ref.:

Investeringsmidlar 2016 - Stord vidaregåande skule

Viser til dykkar søknad om investeringsmidlar til ei rekkje ulike formål. Opplæringsavdelinga har i 2016 eit investeringsbudsjett på 37 mill kr til fordeling. Innmeldt behov frå skulane er på i overkant av 94 mill kr. Dette gjer at ei rekkje tiltak ikkje kan prioriterast i 2016.

Stord vidaregåande skule får innvilga **kr 500 000,- inkl moms** til utstyr. I tillegg dekkjer Opplæringsavdelinga totalt **kr 300 000** av utgiftene til minibussen som blei bestilt i 2015.

Skulen prioriterer sjølv innkjøpet i samsvar med søknaden og gjer anskaffing i tråd med HFK sitt innkjøpsreglement og gjeldande rammeavtalar.

Rekningane betalast av Opplæringsavdelinga. Skulen bestiller varer og tenester og tek imot rekningane for kontroll og sender desse vidare i Basware til Cathrine Øvredal Mellingen.

I kommentarfeltet i Basware skal det leggjast inn ein referanse til dette brevet og visast til prosjektnummer 09520 - Utstyrsmidlar.

Det er ikkje høve til å overføre midlane til 2017. Alle rekningar må derfor betalast i 2016.

Svein Leidulf Heggheim
fylkesdirektør opplæring

Marit Virkesdal
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Cathrine Øvredal Mellingen
Astrid O Haugland

